

**Tysdag var 23. september, men enno er det ikkje slutt på cruise-sesongen!**

Seint på ettermiddagen kom ein gamal kjenning frå fjordene her vest, Alexander von Humbolt sigande gjennom Storsundet.

Det Nassau-registrerte skipet er ikkje av dei største cruisebåtane, han er berre 12.500 tonn, men han er eit staseleg syn.

Han har hatt fleire namn og vore med på så mangt i dei snart 20 år han har eksistert. Skal vi tru leksika har han til dømes vore gamblar-båt i Asia i sju år.

Og med det første skal han skifta namn att - til Minerva. Det namnet har han også hatt før!

Her er han på veg forbi Gavelen. (Foto: Ola Matti Mathisen)